

A-laget rykte opp i 5.divisjon.

14.11.2015



Rosendal med mellom anna uskedelingane Sondre og Marius Myklebust kunne jubla for opprykk etter kampen i dag.

OPPDATERT MED REFERAT FRÅ KAMPEN OG KJEKK BILDESERIE FRÅ AVISA NORDHORDLAND:
Det er no klart at Rosendal spelar i 5.divisjon neste sesong. Dagens kamp mot Nordre Holsnøy enda 0 - 0. Rosendal vann første kamp 2-1 sist søndag, og dermed var saka klar. Det er svært gledeleg med opprykket då det er mange lovande unggutar på laget. Dette vil vera godt for utviklinga deira! Vi gratulerer.

Det vert rapportert frå kampen at laget spelte godt og svært klokt. I første omgang oste det av defensiv trygghet, og spelarane fulgte planen heilt. Oppleget viste at Rosendal hadde leiing frå første kampen, og i og med at dei la seg langt tilbake på banen, fekk dei også nokre kontringar. Nordre Holsnøy kom ikkje til sjansar.

I andre omgang vart det meir både av dramatikk og sjansar. Etter om lag 60 minutt fekk venstre back Rolf Christian Mehl to kjappe gule kort då han kom for seint inn i taklingar. Dermed måtte Rosendal spela siste halvtimen med 10 mann. Dei 10 spela fornuftig og gjorde ein kjempemessig forsvarsinnsats. Spenninga var stor, og pulsen på sidelinja var høg heilt til dei kunne sleppa jubelen laus då sluttsignalet gjekk. Overtidsminuttane var uendeleg laaange!!

Desse spelarane var med på kampen: Frank Mehl i mål. Forsvar: Kjetil Helvik, Jan Evald Såtendal, Svein Bjørke og Rolf Christian Mehl. Midtbane: Svein Are Furdal, Yngve Enes, Johannes Hjelmeland, Hermund Døssland og Marius Myklebust. Spiss: Sondre Myklebust. Innbytarar: Stig Helle, Hans Fredrik Zimmer og Kristoffer Rød.

De kan lesa fyldige referat frå kampen i nettutgåvene til [Grenda](#) og [Kvinnheringen](#).

De kan lesa avisas [Nordhordland si dekking av kampen her](#).

I kveld er det klart for fotballfest i Rosendal. Der vert det garantert topp stemning. Opptakten til festen kunne

ikkje ha vore betre!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Grenda